

# MUSIKK

## Tradisjon møter samtid

Maurseth integrerer «musique concrète» på eksemplarisk vis.

### FOLKEMUSIKK/ SAMTIDSMUSIKK



BENEDICTE  
MAUR-  
SETH:  
**Hárr**  
BENEDICTE

MAURSETH, HARDINGFELE;  
MATS EILERTSEN, KONTRABASS  
OG ELEKTRONIKK; HÅKON  
MØRCH STENE, VIBRAFON,  
PERKUSJON OG ELEKTRONIKK;  
JØRGEN TRÆEN, ELEKTRONIKK;  
ROLF-ERIK NYSTRØM, SAKSO-  
FON; STEIN URHEIM LANGELEIK,  
MUNNSPEL, ELEKTRONIKK, SAM-  
PLING OG PERKUSJON. HUBRO  
RECORDS

Hárr er det norrøne namnet på fjellet Härteigen, som med si karakteristiske hatteform kneisar 1690 moh. vest på Hardangervidda. Hárr er også namnet på tingingsverket Maurseth framførte på Hardanger Musikkfest i

2019 saman med Eilertsen og Stene, og no tittel på plata der musikken frå tingingsverket utgjer hovudtyngda.

Maurseth har òg funne plass til to låtar av medmusikant og produsent Urheim, «Kollasj I» og «Kollasj II». Sistnemnde inkluderer eit fascinerande utdrag av eit intervju med oldefar til Benedicte, Leif Maurseth.

Maurseth er ein del av ein moderne norsk musikktradisjon der musikkarar og komponistar som Nils Økland, Erlend Apneseth, Terje Isungset og Karl Seglem også høyrer med. Hjå Maurseth, som har vore elev av Knut Hamre, er linjene attende til det tradisjonelle slåttespelet tydelege.

Sampling av dyrelydar og stein som slår mot stein, brukt i umodifisert form, gjev saman med studioklangen eit sterkt

nærvær og sterke assosiasjoner. Olav H. Hauge avsluttar «Din veg» med «Og vinden stryk ut ditt far i aude fjell». Musikken til Maurseth hjelper deg å finna att desse fara.

Overtoner registeret i dei akustiske instrumenta smeltar saman med elektronikkene og samplingane i ein orkestral heilskap, for så å bli teke ned til dei varaste bjølleklemt. Musikken er heile vegen lägmält og kontemplativ, men likevel med ein sterk dynamikk. Bandet demonstrerer ei kollektiv fingerspisskjensle som imponerer. Ein musikalsk tur på Hardangervidda med Benedicte Maurseth kan tilrådast på det varmaste.

### LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans journalist og fast jazzmeldar i Dag og Tid.



Benedicte Maurseth er folkemusikar, komponist og forfattar. Foto: Øystein Haara

## Jakta på Dr. Dres tapte musikk

Hiphopveteranen Dr. Dre har mista ein telefon med seks splitter nye låtar (i eit dataspel).

### HIPHOP



DR. DRE:  
**GTA  
Online: The  
Contract**  
ROCKSTAR  
GAMES

Rapparen og produsenten Dr. Dre blei kjend for plata til gruppa N.W.A. *Straight Outta Compton* i 1988. Protestsongen «Fuck tha Police» blei ein hit, og det passar at gangstara-p-veteranen dukkar opp i eit satirisk krim-spel.

Musikk har stått sentralt i spelserien *Grand Theft Auto* sidan første innslag i 1997. Lyddesignarane fekk ideen om å bruke bilradioen i spelet til å løfte fram ukjende

undergrunnsartistar, men serien blei fort meir kommersiell. På radiokanalane i seinare utgåver spelar kjenndesar som Axl Rose og Flying Lotus lisensiert musikk som har det med å forsvinne etter kvart som kontraktane med rettshavarane går ut.

Den nye *GTA Online*-episoden *The Contract* går ut på å finne Dr. Dres stolne telefon. Seks uutgjevne songar er på avvegar: Den dramatiske og funky «Falling Up» kan minne om Isaac Hayes' *Shaft*-soundtrack; «Black Privilege» er ein hardbarka gangstarap-låt med hammond- og korsamplingar; «Diamond Mine» er meir svevande og melodiøs i uttrykket. Eminem rappar

på «Gospel», Snoop Dogg på «ETA» og Rick Ross på «The Scenic Route». Alle spora har eit lummet, urbant og *blaxploitation*-film-aktig preg.

EP-en var tilgjengeleg på Spotify, Itunes og Tidal ei stund, men har forsvunne derifrå. Kan hende har det, i resonans med tittelen *The Contract*, med kontrakten mellom partane å gjere; kanskje var opplastinga til strøymetenestene, som eit ekko av datatjuveriet i spelet, eit tilfelle av piratverksem. Uansett er det ei god samling songar som er vel verdt soket i *GTA* – eller andre stader – *Online*.

### RASMUS HUNGNES

Rasmus Hungnes er musikar, kunstnar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Novella, filmen – og musikken

Eiko Ishibashis lydspor til *Drive My Car* står støtt på eigne bein.

### FILMMUSIKK



EIKO  
ISHIBASHI:  
**Drive My Car**  
NEWWHERE MUSIC

Det gav meinung då eg såg at den nye spelefilmen til den japanske regissøren Ryusuke Hamaguchi, *Drive My Car*, skulle vere inspirert av og byggje på ei novelle av landsmannen Haruki Murakami med same tittel frå 2014 (ei norsk omsetjing ved Yngve Johan Larsen finst i *Menn uten kvinner* frå 2016). Når det så gjekk opp for meg at lydsporet var ved komponisten og artisten Eiko Ishibashi, fall alle brikkene på plass.

Skal nokon lage musikk til akkurat ein slik film, bygd på akkurat ei slik forteljing, må det nemleg vere Ishibashi. Kvifor? Det har med sensibilitet å gjere, linene som møtest i konfigurasjonen Murakami-Hamaguchi-Ishibashi, som er som skapt for å ta vare på det gätefulle og det uføreseielege i teksten, med kraft, venleik og originalitet.

### SKUFFAR IKKJE

Ishibashi har eg skrive om på desse sidene fleire gonger før, ikkje minst om det framifrå konseptalbumet *The Dream My Bones Dream* (2018), der ho hadde med seg den mangeårige samarbeids-partnaren Jim O'Rourke. Auga

opp for musikken hennar fekk eg først med *Car and Freezer* (2014), som baud på ein jazza popmusikk som ikkje heilt likna på noko eg hadde hørt før.

I år som har følgt, har eg stadig vendt tilbake til denne produktive og eventyrlig allsidige artisten, og konglomeratet av artistar som omgir henne i Tokyo, utan ein einaste gong å verte skuffa.

Heller ikkje med *Drive My Car*, som har fleire av særtrekka som kjenneteiknar Ishibashis musikk. Som så mange lydspor sirklar



Filmen er bygd på ei novelle av Haruki Murakami. Foto

## Arkivet: Richard Pinhas



Då Richard Pinhas gav ut *Iceland* i 1979, var det hans tredje soloalbum, men det første etter at gruppa han var ein del av, Heldon (1974–1978), braut opp, eit band som med sin milks av elektronika og rock henta inspirasjon frå mellom andre Robert Fripp, og då ikkje minst frå denne gitartistens samarbeid med Brian Eno.

Ekko frå den konstellasjonen er det heller ikkje vanskeleg å høre i det Pinhas har laga aleine, musikk der feedback på gitaren, bruk av effektboksar av ulike slag og loops er grep som går att.